



Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

6007 Mikro- og markedsøkonomi

09.05.2011

Tid: *9-13*

Målform: *Bokmål/nynorsk*

Sidetal: *To sider med oppgavetekst (per målføre)*

Hjelphemiddel: *Enkel kalkulator*

Merknader: *Gjør evt. egne forutsetninger hvis nødvendig*

Vedlegg:

Eksamensresultata blir offentliggjort på Studentweb.



Avdeling for allmennvitenskaplige fag,



Oppgave 1 (vekt 25 %)

(a) Forklar følgende begreper:

- Realkapital
- Grenseproduktivitet
- Likevekt i dominerende strategier
- Risikonøytrale preferanser

(b) Diskuter følgende påstand: "Stordriftsfordeler forklarer ufullkommen konkurransen og markedsmakt."

(c) En bedrift har følgende totale kostnader, der x er antall produserte enheter:

$$K(x) = 1.000.000 + 100x^2$$

- For hvilket produksjonsområde har denne bedriften stordriftsfordeler?
- Hva er den laveste produktprisen denne bedriften kan tåle for å kunne drive lønnsom produksjon?

Oppgave 2 (vekt 25 %)

(a) Nyttet til en konsument avhenger av konsumet av godene x_1 og x_2 .

Gjør rede for hvordan konsumentens optimale godevalg bestemmes for gitte godepriser p_1 og p_2 og for en gitt inntekt R .

(b) Forklar hva som menes med hhv. normale og mindreverdige (inferiøre) goder.

(c) Forklar hva som menes med hhv. komplementære goder og alternative goder (substitutter).

(d) Anta at etterspørselskurven etter et gode er gitt ved

$$x = 1000 - 2p,$$

der x er antall etterspurte enheter og p er prisen per enhet.

Beregn egenpriselastisiteten i etterspørselen etter dette godet dersom markedsprisen er hhv. 200 og 300. Er etterspørselen elastisk eller uelastisk?

(se neste side for oppgave 3!)



Oppgave 3 (vekt 50%)

- (a) Forklar hva som menes med konsumentoverskudd, produsentoverskudd og samfunnsøkonomisk overskudd.
- (b) Gjør rede for hva som menes med at likevekten ved fullkommen konkurranse gir maksimal samfunnsøkonomisk effektivitet. Bruk gjerne en figur til å støtte resonnementene.
- (c) Anta at markedets etterspørsel (på invers form) etter et bestemt konsumgode er gitt ved $p = 200 - x$,

der p er prisen på godet og x er kvantum. Videre er markedets tilbudskurve (på invers form) gitt ved

$$p = 20 + x.$$

Finn markedslikevekten under fullkommen konkurranse og regn ut hhv. konsumentoverskudd, produsentoverskudd og samfunnsøkonomisk overskudd i denne likevekten.

- (d) Anta nå at markedet i stedet for fullkommen konkurranse er karakterisert av en bedrift som har kontroll over hele markedet (et monopol). Monopolets grensekostnad er sammenfallende med tilbudskurven i forrige delspørsmål, dvs. $GK = 20 + x$. Finn det valg av mengde og pris som gir høyest mulig overskudd for monopolet (profittmaksimerende tilpasning).
- (e) Regn ut effektivitetstapet ved monopol og forklar hvorfor monopoltilpasningen gir lavere samfunnsøkonomisk effektivitet enn løsningen med fullkommen konkurranse.
- (f) Anta fortsatt at det er monopol. Dersom monopolisten gjennomfører en reklamekampanje for produktet, antas det at etterspørselskurven endres til

$$p_R = 200 - \frac{1}{2}x.$$

Finn monopolistens profittmaksimerende tilpasning i dette tilfellet. Hva blir nå effektivitetstapet pga monopoltilpasningen? Begrunn svaret.

- (g) Kostnadene ved å gjennomføre reklamekampanjen omtalt i sp. f) ovenfor er å anse som en fast engangskostnad for monopolisten. Regn ut hvor stor kostnaden ved reklamekampanjen maksimalt kan være for at kampanjen skal være privatøkonomisk (bedriftsøkonomisk) lønnsom for monopolisten. [Du kan evt. ha bruk for følgende tilleggsopplysning: monopolistens totale variable kostnader (der kostnad ved reklamekampanjen er holdt utenfor) er gitt ved $K(x) = 20x + \frac{1}{2}x^2$.]



NYNORSK

Oppgåve 1 (vekt 25 %)

(d) Forklar følgjande omgrep:

- a. Realkapital
- b. Grenseproduktivitet
- c. Likevekt i dominerande strategiar
- d. Risikonøytrale preferansar

(b) Diskuter følgjande påstand: "Stordriftsføremoner forklaerer ufullkommen konkurranse og marknadsmakt."

(c) Ei verksemid har følgjande totale kostnader, der x er tal på produserte einingar:

$$K(x) = 1.000.000 + 100x^2$$

- For kva produksjonsområde har denne verksemda stordriftsføremoner?
- Kva er den lågaste produktprisen denne verksemda kan tåle for å kunne drive lønsam produksjon?

Oppgåve 2 (vekt 25 %)

(a) Nyttar til ein konsument kjem an på konsumet av goda x_1 og x_2 .

Gjør greie for korleis konsumenten sitt optimale val av gode vert avgjort for gitte godeprisar p_1 og p_2 og for ei gitt inntekt R .

(b) Forklar kva som meinast med høvesvis normale og mindreverdige (inferiøre) gode.

(c) Forklar kva som meinast med høvesvis komplementære gode og alternative gode (substituttar).

(d) Legg no til grunn at etterspurnadskurva etter eit gode er gitt ved
$$x = 1000 - 2p,$$
 der x er talet på etterspurde einingar og p er prisen per eining.

Rekn ut eigenpriselastisiteten i etterspurnaden etter dette godet dersom marknadsprisen er høvesvis 200 og 300. Er etterspurnaden elastisk eller uelastisk?

(sjå neste side for oppgåve 3!)



Oppgåve 3 (vekt 50%)

- (a) Forklar kva som meinast med konsumentoverskott, produsentoverskott og samfunnsøkonomisk overskott.
- (b) Gjør greie for kva som meinast med at likevekta ved fullkommen konkurranse gir maksimal samfunnsøkonomisk effektivitet. Bruk gjerne ein figur til å støtte resonnementa.
- (c) Legg no til grunn at marknaden sin etterspurnad (på invers form) etter eit bestemt konsumgode er gitt ved

$$p = 200 - x,$$

der p er prisen på godet og x er kvantum. Vidare er marknaden sin tilbodskurve (på invers form) gitt ved

$$p = 20 + x.$$

Finn marknadslikevekta under fullkommen konkurranse og rekn ut høvesvis konsumentoverskott, produsentoverskott og samfunnsøkonomisk overskott i denne likevekta.

- (d) Legg no til grunn at marknaden i staden for fullkommen konkurranse er karakterisert av ei verksemd som har kontroll over heile marknaden (eit monopol). Monopolet sin grensekostnad er samanfallande med tilbodskurva i førre delspørsmål, dvs. $GK = 20 + x$. Finn det val av mengde og pris som gir høgast mogleg overskott for monopolet (profittmaksimerande tilpassing).
- (e) Rekn ut effektivitetstapet ved monopol og forklar kvifor monopoltipassinga gir lågare samfunnsøkonomisk effektivitet enn løysinga med fullkommen konkurranse.
- (f) Legg framleis til grunn at det er monopol. Dersom monopolverksemda gjennomførar ei reklamekampanje for produktet, legg me no til grunn at etterspurnadskurva endrast til

$$p_R = 200 - \frac{1}{2}x.$$

Finn monopolverksemda sin profittmaksimerande tilpassing i dette høvet. Kva vert no effektivitetstapet pga monopoltipassinga? Grunngje svaret.

- (g) Kostnadene ved å gjennomføre reklamekampanjen omtalt i sp. f) ovafor er å rekne som ein fast eingangskostnad for monopolet. Rekn ut kor stor kostnaden ved reklamekampanjen maksimalt kan være for at kampanjen skal være privatøkonomisk (bedriftsøkonomisk) lønsam for monopolet. [Du kan evt. ha bruk for følgjande tilleggsopplysning: monopolistens totale variable kostnader (der kostnad ved reklamekampanjen er heldt utafor) er gitt ved $K(x) = 20x + \frac{1}{2}x^2$.]